

Leen, som hev umsett noko av Ludvig Holbergs kyrkjjesoga paa sunnhordlandsk og samla ei mengd med norske ordtøke**); *Jakob Lund*, prest paa Askoy (visor; døydde 1754). Fraa det 18de hundr. hev me ogso mange opplysningar um maalføri paa alle kantar av landet, ordlistor, samlingar av ordtøke m. m. Me nemner her: *Glossarium Norvagicum* av bisp *Pontoppidan* (Bergen 1749), *Samling av ord i den gudbrandsdalske dialect* av *Edvard Storm* 1769***), og *Markus Schnabels* utgreiding um maalføret i Hardanger. At sansen og vyrnaden for norsk maal hjaa fleire vitsame folk hev vore uppe i denne tidi, skynar me ogso av det, at daa presten *Søren Schive* i 1737 søkte Bjellands soknekall, stutte bisp *Kærup* søknaden hans med dei ordi at *Søren Schive* „fremfor andre kunde prædike paa det af almuen i Bjelland bedst forstaaelige gamle norske fjeldmaal“. *Schive* fekk kallet.

Der var soleis ikkje so lite sans og arbeid for norsken i det 18de hundr. Nokon stor mun kunde det fulla ikkje vera i desse freistnader paa bygdemaal; so lenge det vanta ei aalmenn norsk skriftform som alle nordmänner kunde bruka, vart der alltid lite magt i tiltøki, og nokor norsk maalsreising var der ikkje tale um.****) Men alt dette ar-

*) Synest vera burkomi paa eikor vis.

***) Berre eit blad finst att paa det store kgl. bibl. i Kjøbenhavn, Kallske samling 597, 4 to.

****) Arnam. saml. Kjøpenh. Add. Svo 162 (uprenta).

*****) Paa denne tidi synest det ha vore stor vankunna utanfor Norig um norsk maal. I Adelungs *Mithridates* (Berlin 1806—17) er der eit „fadervaar“ paa norsk, der me les: „Gehailiget worde dit Nafn, Din Wilia geskta, Giff os y Tag wort daglega Brauta“ o. s. fr. Heller ikkje prof. *Rask* i si islandske maallæra (Kjøbenhavn 1811) hev havt greida paa norsk maal. Han skriv: „Den nuværende Norsk derimod er kun at anse som en afændring av Svensk, der nærmer sig til Dansk og staar omtrent midt imellem begge“.